

2024

Handlingsplan til tilsynsplanen Opprydding i spreidd avløp



Glen Arvid Valstad

KAV - Hallingdal


01.03.2024

Innhold

1	Innleiing.....	1
2	KAV – Kommunalt avløpstilsyn og vassforvaltning.....	2
2.1	Oppgåver.....	2
3	Handlingsplan til tilsynsplan for 2023 i dei ulike kommunane.....	3
4	Flå.....	3
4.1	Fokusområde.....	3
5	Nesbyen.....	4
5.1	Fokusområde.....	4
6	Gol.....	5
6.1	Fokusområde.....	5
7	Hemsedal.....	6
7.1	Fokusområde.....	6
8	Ål.....	6
8.1	Fokusområde.....	7
9	Felles for alle kommunane.....	7
9.1	Tilknytning kommunalt avløpsnett.....	8
9.2	Oljeutskiljar.....	8
9.3	Slamtømming.....	9
9.3.1	Bildar.....	9
9.4	Akutt forureining.....	9
9.5	Minireinseanlegg.....	9
9.6	Kap. 13.....	10
9.7	Plan- og bygningslova.....	11

1 Innleiing

Forureiningsforskrifta kapittel [12](#), [13](#) og [15](#) regulerer kommunen sin mynde vedkomande spreidd avløp. Kommunane Flå, Nesbyen, Gol, Hemsedal og Ål samarbeider om tilsyn og oppfølging av avløpsanlegga. Dette felleskontoret vert kalla KAV- Kommunalt Avløpstilsyn og Vassforvaltning. Ål kommune er vertskommune. Saman med Hol, Krødsherad og Modum kommune utgjer dei Vassområdet Hallingdal. I åra framover vil opprydding i spreidd avløp vera hovudfokuset for KAV. Dette etter pålegg frå Miljødirektoratet.



Figur: Miljøtilstand- og miljømålklassifisering (Direktorats gruppa vassdirektivet, 2018)

2 KAV – Kommunalt avløpstilsyn og vassforvaltning

Felleskontoret Kommunalt avløpstilsyn vart oppretta for blant anna å kunne nå dei måla som er sett til oppfølging og opprydding av spreidd avløp, samt gjennomføre dei pliktane kommunane har som forureiningsmynde. Gjennom vertskommunesamarbeidet har me no etablert eit fagmiljø som er godt rusta til å ta tak i dette arbeidet.

2.1 Oppgåvar

KAV – Hallingdal har følgjande oppgåver knytt til spreidd avløp

- Føre tilsyn med alle avløpsanlegg med mindre enn 50 pe tilknytt, og sørgje for at desse ikkje fører til forureining og helseproblem, jf. forureiningsforskrifta kap. 12
- Handsame søknadar om utsleppsløyve etter forureiningsforskrifta kap. 12, 13 og 15
- Handsame søknadar om løyve til å byggje avløpsanlegg etter plan og bygningslova
- Føre tilsyn med alle avløpsanlegg med mellom 50 -2000 pe tilknytt, og sørgje for at desse ikkje fører til forureining og helseproblem, jf. forureiningsforskrifta kap. 13
- Rettleie anleggseigarar og søkar
- Kartleggje forureining frå avløpsanlegg
- Arbeide mot at alle avløpsanlegg skal tilfredstilla forskrift innan 2027-2033

KAV Hallingdal skal ved tildeling av nye utsleppsløyve jobbe for å sikre brukarinteresser, biologisk mangfald og godt vassmiljø, samstundes med at anleggseigars investeringar gir riktig utbytte.

3 Handlingsplan til tilsynsplan for 2023 i dei ulike kommunane.

Under kjem ei kort presentasjon av måla me har sett oss i 2024/2025. Arbeid med opprydding i spreidd avløp vil bli gjennomført med bakgrunn i tilsynsplan som er politisk forankra. Dette er eit kontinuerlig arbeid for tilsynsmynde. Med over 6000 avløpsanlegg, vil nye godkjente anlegga i dag bli utdatert på sikt, og tilsynsplikta vil vera gjeldande så lenge me har spreidd avløp. Kommuna har tilsynsplikt for både nye og gamle utslepp.

Denne handlingsplanen skal reviderast årleg, der nokon av oppgåvene vil bli vidareført over fleire år, medan meir kortsiktige oppgåver vil bli gjennomført. Handlingsplan vil bli ein del av årsrapporten til KAV, der me skriv kort om status for dei oppgåvene som me har sett oss. Handlingsplan blir lagt med som vedlegg til årsrapporten frå KAV.

4 Flå

I Flå er det ca. 500 avløpsanlegg der 350 av desse er knytt til bustadar, resterande er til fritidsbustadar.

4.1 Fokusområde

I Flå vil hovudfokuset vera å få flest mogeleg bustadar knytt til kommunalt avløpsnett. Der dei ligger til rette for tilkopling, vil dette bli gjennomført. Vidare utover dette vil me prioritere bustadar med eldre slamavskiljar som ikkje er tett. Eldre anlegg med betong kumringar, og synkekummar vil få pålegg om utbetring. Dette med bakgrunn i bildar frå slamtømmar og innspel frå publikum.

I Flå brukte me mykje tid og ressursar i 2023, dette har ført til at me i 2024 gjekk i null med fond, det vil dermed ikkje bli lagt like mykje fokus på fysiske tilsyn i Flå. Dette vil variere frå år til år, og me styrar ressurs bruken etter storleiken på fondet for og sikre like gebyr i dei ulike kommunane.

Det vil i tillegg bli gjennomført tilsyn med kap. 13 anlegg, sjå felles [post](#).

Tettbebyggelser med meir enn 2000PE vil etter forskrift bli rekna som kap. 14 og er SF (Statsforvaltaren) sitt mynde. I Flå er det planar om å bygge ut leidningsnett inn til Skarsdalen. Her ligger det 3 kap. 13 anlegg, som me i løpet av 2024 vil overføre til SF sin mynde. Dette grunna at kap. 13 anlegga då kjem tett på det kommunale avløpsnettet og skal reknast inn i tettbebyggelsen.

Oppsummering:

I 2024 vart det gjennomført tilsyn med fleire kommunale avløpsanlegg, med bakgrunn i feil og manglar som var registrerte ved anlegga. Me hadde og lite informasjon om desse anlegga før arbeidet starta. Me ser det som svært viktig at dersom me skal påleggje innbyggjarane store kostnader, må også dei kommunale avløpsanlegga tilfredsstillast krava. Det er vanskeleg å argumentere for at dette arbeidet er viktig dersom dei kommunale avløpsanlegga ikkje er i orden.

Me gjennomførte tilsyn med avløpsanlegga ved Roppemoen og Bedehusmoen. I tillegg vart det gjennomført tilsyn med avløpsanlegg langs Viki/Gulsvik, for å utnytte tida best mogleg når me først tok turen til Flå.

I etterkant er det sendt ut pålegg om utbetring til Flå kommune. Det er og sendt ut brev med bakgrunn i bilete frå KomTek, og det er gjeve om lag 30 pålegg om utbetring, der nokre gjeld påkopling til det kommunale avløpsnettet.

Arbeidet med overføre mynde for kap. 13 i Skarsdalen til SF. Blir sett på vent, då det kun blir etablert veg og ikkje VA grøft inn til Skarsdalen i denne omgang, planar for dette ligger langt fram i tid.

5 Nesbyen

I Nesbyen er det ca. 1100 avløpsanlegg. Litt under halvparten er knytt til bustadar og resterande til fritidsbustadar.

5.1 Fokusområde

Opprydding i spreidd avløp vil hovudsakeleg knytte seg til områder med moderat miljøtilstand i vassdrag. Det er fleire område i dag som er utsett for stor hytte-utbygging.

I 2023 var målet å kartlegge alle hytter oppstrøms utløpet i Mykingsjøen. Her er det eit felles reinseanlegg som har kapasitet til å ta i mot meir avløpsvatn. Det vart gjennomført kartlegging frå Ranten og vestover før [Hans](#) kom, vegen opp Rukkedalen vart øydelagt og me fekk utfordring med og komme fram. Dermed fekk me ikkje gjennomført alt det som var planlagt i Nesbyen i 2023, dette arbeidet vil då bli vidareført til kommande sesong.

Det var også mange tømningar i Nesbyen i 2023, som førte til eit stort tal på bildar i komtek. Her har me mange anlegg som me fortsatt kan følgje opp i 2024. Som nemnt, kom [Hans](#) i August 2023, Nesbyen reinseanlegg vart øydelagt og me fekk ikkje følgt opp tilkopling til kommunalt like godt som planlagt. Arbeidet vil bli sett i gong for fullt når det nye reinseanlegget til Nesbyen er på plass i løpet av 2024. Her har me dialog med Nesbyen kommune sin VA-avdelinga.

Det vil i tillegg bli gjennomført tilsyn med kap. 13 anlegg, sjå felles [post](#).

Oppsummering:

Me fekk i 2024 slutført tilsyn rundt Myking, dette med bakgrunn i at Mykingsjøen har hatt moderat miljøtilstand. Det var eit ønskje om og gjennomføre tilsyn med området for finne avløpsanlegg som kunne koplast til felles reinseanlegg, samt eventuelt om det var anlegg som hadde behov for utbetring. Dette var arbeid som ikkje lot seg gjennomføre i 2023 grunna [Hans](#).

Me fekk også gått igjennom alle merknadar som var i komtek, samt sortert ut alle bildane som var sendt inn etter slamtømming. Hovudsakeleg går fortsett arbeidet vårt mest utpå og knytte bustad i Nesbyen sentrum til det kommunale avløpsnett når det no er godkjent reinseanlegg i kommunen.

Likeins er det gjeve ca. 50 pålegg totalt i Nesbyen for oppgradering av spreidd avløp. Samt mykje krav om tilkopling til kommunalt avløpsnett.

Arbeidet i Nesbyen har vore noko prega av at me har hatt utfordring med bemanning i Nesbyen, ein gjekk av med pensjon og ei slutta kort tid etter oppstart. Det har dermed blitt litt mindre arbeid enn tenkt i Nesbyen.

6 Gol

I Gol er det ca. 1400 avløpsanlegg der ca. 770 er knytt til bustadar og resterande avløpsanlegg er til fritidsbustadar.

6.1 Fokusområde

Det er fokus på å få bustadar tilknytt kommunalt nett i Gol kommune, men i enkelte område vert det sett litt på vent grunna at det er behov for tilrettelegging frå kommunen, eller planar under behandling som må landast fyrst.

I forhold til spreidd avløp vil KAV prioritere bustadar med eldre betongslamavskiljarar (ofte synkekummar) for krav om utbetring. Det er eit mål å gjennomføre dette områdevis der det er fleire eldre anlegg som må utbetrast og det kan ligge til rette for ei samarbeidsløysing, men også enkeltvis basert på registrerte manglar ved tømning. Nytt slamambod med krav om bilete av full og tom kum ved tømning gir betre informasjon med gode bilete enn det vi ser ved eit fysisk tilsyn. Krav om utbetring av anlegg vil derfor i hovudsak gis med bakgrunn i bilete av anlegga ved tømning.

Fysisk tilsyn vil bli prioritert i hytteområde med områdetilsyn for å kartlegge av kva som er av anlegg. Det viser seg at det er ein del anlegg som er ulovleg etablert, og det er eit mål å kartlegge og rydde opp i dette.

Det vil i tillegg bli gjennomført tilsyn med kap. 13 anlegg, sjå felles [post](#).

Oppsummering:

Det vert jobba vidare med påkopling på kommunalt avløpsnett.

Oppgradering av eldre avløpsanlegg med betongkummar / synkekummar på 1-3 m3 er prioritert med forhåndsvarsel og pålegg for oppgradering. Dette er i hovudsak basert på dokumenttilsyn med bilete frå slamtømning. Oppfylgjinga er gjort delvis områdevis og delvis av enkeltanlegg med tydelege manglar.

Områdetilsyn i Brennvegen og Åslivegen vart gjennomført. Delar av område har hytter med låg standard utan vatn og avløp. Avløpssituasjonen i området var i hovudsak grei, men det vart også registrert ulovlege utslepp og relativt nye avløpsanlegg som ikkje fungerte tilfredstillande.

Tilsyn i området Eidsgårdsflæi vart utsett til det føreligg dokumentasjon på at avløpsanlegget på Hallingen fungerer tilfredstillande da påkopling på dette fellesanlegget kan vera aktuelt for hytter i dette området. Arbeidet med opprydding i hytteområde Langehaugen vart ferdigstilt i 2024 med felles utsleppsløyve for gråvatn til 2 større anlegg. 34 av 35 hytter i området er påkopla. Svartvatn vert løyst på den enkelte hytteeigedom med biotoalett eller løyve til tett tank da det ikkje var grunnforhold i området for infiltrasjon av sanitært avløpsvatn.

Det vart også ført tilsyn med søknadar og diverse problemstillingar som dukka opp gjennom sesongen. Det er gitt ca. 30 pålegg om oppgradering av spredt avløp i Gol i 2024.

7 Hemsedal

I Hemsedal er det ca. 1700 avløpsanlegg der ca. 700 er for bustadar og ca. 800 avløpsanlegg er knytt til fritidsbustadar.

7.1 Fokusområde

I Hemsedal er planen å få Fjellstøllie på felles avløpsnett i Grøndalen, Grøndalen miljøreinsanlegg. Dette med bakgrunn i alder på infiltrasjon/avløpsanlegg. Infiltrasjonsanlegget er av eldre dato og tilfredstillar ikkje krava som er sett i dag. Det er ikkje langt i frå infiltrasjonsanlegget til påkoplingspunkt til anlegget i Grøndalen. Pålegget er sendt og dialogen går framover om korleis dei skal kople seg til. Dette gjelder mange hyttar og store kostnader, dermed vil slike saker naturlegvis ta tid. Planen er at dei skal på innan 2027.

Utover dette vil me prioritere sanering/rehabilitering av eldre betong slamavskiljarar som ikkje tilfredstillar forskrift, samt synkekummar til bustad. Tilsynet vart gjennomført med alt det som var planlagt i 2023. Med bakgrunn i bilete som blir teke i samband med slamtømming, har me eit godt grunnlag for å gjennomføre opprydding med eldre avløpsanlegg.

Me har også som mål og gjennomføre områdekartlegging av Løkjestølane og Helsinglie. Dette med bakgrunn i at området ikkje har planar om å koma på kommunalt, eller felles større reinsanlegg. Det er ca. 100 anlegg i området. Det blir 2 frå KAV som reiser i lag ut for kartlegging.

Det vil i tillegg bli gjennomført tilsyn med kap. 13 anlegg, sjå felles [post](#).

Det blir bygd nytt felles reinsanlegg i Lykkja området (Rustberggardlie og Lykkjastølvegen). Her vil det vera ein jobb med pålegg og oppfølging av private avløpsanlegg som kan knytast til dette felles reinsanlegget jf. [§27-3 i PBL](#). Arbeidet kom i gong i 2023, og utbyggjar melder om oppstart for hovudleidningsnett i 2024. Det er eit bra tiltak, og vil føret til at vi får sanert mange eldre avløpsanlegg i området.

Oppsummering:

Områdekartlegging i Helsinglie vart gjennomført, og dei fleste anlegga i dette området er av nyare dato. Samtidig har fleira av anlegga reinsetrinn med biomodular med lecafilter, kor dyser og filter i dei fleste tilfelle hadde behov for service. Dette vil anleggseigarane få brev om. Det blei ikkje tid til områdekartlegging i Lykkjastølvegen, og dette vil overførast til 2025.

Arbeidet med tilknytning til fellesanlegget i Lykkja er godt i gang, og me hadde nokre få tilsyn i Rustberggardlia og Lykkjastølvegen i forbindelse med dette.

Det er sendt ut omtrent 30 pålegg om utbetring av avløpsanlegg. Tilsyn og bilete frå slamtømmesesonen kunne ha blitt følgt opp betre med pålegg i 2024.

8 Ål

I Ål er det ca. 1900 avløpsanlegg der ca. 700 av disse er knytt til bustadar resterande til fritidsbustadar. I Ål kommune er det svært få avløpsanlegg igjen som kan knytast til kommunalt nett. Det er rundt 50 anlegg som kan få dette kravet dei neste 5 åra. Mange ligger tett på utbyggingsprosjekt og vil naturleg bli teke med i arbeidet som blir gjennomført.

8.1 Fokusområde

Hovudfokuset i Ål i 2023 vil vera kartlegging og opprydding ved Torsbu/Mykingstølen. Dette er eit eldre hytteområde med spreidd avløp. Området ligger slik til at utviding av kommunalt avløpsnett ikkje er sannsynleg i åra som kjem. Dermed vil opprydding i dette feltet vera eit prioritert område slik at tilstanden her blir bra. Dette vil sikre drikkevatt for dei som har grunnboring i feltet, samt at reinsing av avløpsvatnet vil bli betre.

Utover dette vil me prioritere at bustadar med eldre betong slamavskiljar som ikkje er tette, eller har rett volum og synkekummar å få pålegg om utbetring. Med bakgrunn i bildar som blir teke i samband med slamtømming, har me eit godt grunnlag for gjennomføre opprydding med eldre avløpsanlegg. I 2024 skal dei fleste bustadhus tømmast for slam, dermed vil me få eit godt grunnlag for opprydding med spreidd avløp knytt til bustad.

Det vil i tillegg bli gjennomført tilsyn med kap. 13 anlegg, sjå felles [post](#).

Oppsummering:

Arbeidet ved Torsbu vert sett i gong, men ikkje sluttført. Noko av grunnen var arbeidskapasitet samt at slamtømmar skulle inn i feltet for og tømme. Me fekk dermed gode bilder av mange anlegg, likeins er det ein plan om og gjennomføre tilsyn i 2025 for og bli ferdig i området. Likeins var det ein del feil med avløpsanlegg i området, samt nokon hyttar med innlagt vatn som ikkje var søkt om. I etterkant av tilsynet vart det sendt brev om pålegg om utbetring av avløpsanlegg, der nokon av hyttane kort tid etter fekk retta opp i forholda. Dette er svært positivt.

Det var fleire prefabrikkerte gråvassanlegg som hadde utfordring med dyser og leca filter. Eigarane av slike anlegg vil få brev der me pålegg dei service på reinseanlegga, for og sikre at desse fungera som tenkt.

Det vart utover dette sendt pålegg om tilkopling til kommunalt avløpsnett. Me påla i 2024 ca. 12 hus og kople seg til det offentlege. Mange av desse sakene har gått svært greitt, det verkar som fleire no har skjønt at dette arbeidet er i gong og skapar mindre støy rundt arbeidet.

Det vart også sendt ut ca. 50 pålegg om utbetring av avløpsanlegg. Når me i mai 2025 får tilsett 2 nye ved kontoret vil det bli gjeve fleire pålegg i åra framover for og sikre at arbeidet med opprydding i spreidd avløp. Målet er at alle avløpsanlegg skal tilfredsstillе krava sett i forskrift innan 2033, sjølv om dette kan vera vanskeleg og nå.

9 Felles for alle kommunane

KAV – Hallingdal, laga i 2022/23 ein [tilsynsplan](#) som vil ligge til grunn for krav om utbetring og kva for anlegg og område me kjem til og prioritere i åra framover. Denne planen er politisk forankra i alle kommunane, og vil vera eit godt styringsdokument for arbeidet. Ved uforutsette hendingar vil det vera rom for å fråvike frå denne planen.

Til saman i dei 5 kommunane er det over 6000 avløpsanlegg. Det vil i åra framover bli redusert tal på eldre avløpsanlegg ved at fleire samarbeider om nytt felles, samt at bustadar der det ligg til rette blir knytt til kommunalt. Samstundes blir det godkjent ein del nye anlegg for spreidd fritidsbusetnad så totalen vil kanskje ikkje endre seg, men tilstanden på avløpsanlegga vil bli betre. Meir fokus på felles reinseanlegg vil gjera jobben med tilsyn meir overkommeleg i åra framover.

[Tilsynsplan](#) er meint som eit styringsverktøy. I denne handlingsplanen har me sett mål om kva me ønskjer gjennomføre i ein kortare tidshorison. Då det er vanskeleg og si noko om omfanget før ein startar arbeidet i eit område vil nokre punkt overførast til neste år.

Me tek gjerne imot innspel på denne planen frå publikum og administrasjon i kor enkelt kommune.

9.1 Tilknytting kommunalt avløpsnett

Noko som går igjen i alle kommunane er fokuset på få bustadar tilkopla kommunalt nett. Dette vil vera ein fordel for alle i åra framover, både for å sanere eldre anlegg og fordi me står ovanfor store investeringar innan VA i kommunane. Jo fleir som er knytt til felles reinseanlegg jo rimelegare vil det bli for alle.

Det er også kostnadar knytt til det å eige og drifte eit privat avløpsanlegg. Noko me ser gjennom tilsynsarbeidet er at desse anlegga ikkje blir vedlikehalde/rehabiliterert tidsnok. Noko som kan gjera at eit privat anlegg fremstår som "rimeleg" fordi ein ikkje oppfyller pliktane ved og ha eit slikt anlegg. Bustadar og fritidsbustadar som er innanfor rimeleg avstand til kommunalt nett, må rekne med få krav om tilkopling i kommunane i åra framover.

9.2 Oljeutskiljar

I alle kommunane skal me kartlegge kven som har, og kven som burde ha oljeutskiljar. Mange er etablert før 2007 før det var søknadsplikt etter forskrift. Grunnlaget er mangelfult å det var planar om å kartlegge i 2023, grunna sjukefråvær ved avdelinga, fekk me ikkje gjennomført dette arbeidet tilfredstillande. Dermed er dette noko som blir overført til 2024. Når databasen er oppdatert vil me sende ut brev til alle som har anlegg, men manglar service og tømmeavtalar. Utover dette vil bedrifter som ikkje har etablert oljeutskiljar, men som skulle hatt dette, få krav om etablering.

Oppsummering:

I 2024 vart det sendt brev til alle kommunane med førespurnad om informasjon om oljeutskiljarane deira. Bakgrunnen for dette var at mange ikkje hadde godkjente oljeutskiljarar, jf. forureiningsforskrifta.

Me fekk søknad frå Ål kommune. Flå hadde inga kommunale oljeutskiljarar, Gol har dette i orden, Hemsedal ønskte utsett frist til 2025, og i Nesbyen er arbeidet framleis under kartlegging.

Etter dette vart det sendt ut om lag 40 brev i Ål kommune med førespurnad om informasjon om private oljeutskiljarar. Nokre sende inn søknad i etterkant, medan andre fekk i gang prøvetaking og tømmeavtale.

Når me no tilset to nye medarbeidarar, skal den eine stillinga arbeide vidare med kartlegginga av oljeutskiljarar. Målet er å få oversikt over alle anlegg og påleggje tiltak der det er naudsynt. Når alle anlegga er kartlagde, vil me òg innføre årleg gebyr for kapittel 15-oljeutskiljarar. Dette skal sikre at alle med private avløpsanlegg bidreg til oppryddingsarbeidet.

9.3 Slamtømming

Slamtømming i Hallingdal blir no utført av Telemark Godslinjer (TG). Det er kommunane som har teikna kontrakt med entreprenør, der KAV si rolle er å følgje opp kontrakt og vera ein nøytral part mellom aktørane.

Ny kontrakt for slamtømming hadde oppstart 01.03.2023, TG som vant anbudet har tidlegare vore underentreprenør for tidlegare kontraktspart. Dermed hadde kommunane frå før dialog med og kjennskap til firmaet. Det har vore eit utfordrande år, med sein snø smelting i fjellet, og [Hans](#) som kom i August. Dermed vart dei hengande etter med tømming. Me skal ha meir fokus på framdrift i tømming for 2024 med ein plan, som skal følgjast nøye opp. Det blir eit samarbeid mellom KAV og kommunane.

2.1.1 Bilder

Noko av det me hadde lagt inn i kontrakt som var nytt frå 2023, var at slamtømmar skulle ta bilde av alle anlegg under/etter tømming. Dette har gjeve eit stort grunnlag for oppfølging av spesielt synkekummar og eldre betong kummar. Der me tidlegare kun såg toppen av slamkaka, kan me no sjå at anlegga manglar for eksempel botn, eller har sprekkar og er utett. Dette har vore eit bra supplement til tilsyn. Då kan me tidleg luke ut anlegg som openbart krev utbetring, dermed har me frigjort mykje ressursar til å følgje opp geografisk støre områder. Me får også meir arbeid som kan gjennomførast vinterstid, når fysisk tilsyn ikkje er mogeleg og gjennomføra. I løpet av ein 4 årsperiode, vil me ha fått bildar av alle avløpsanlegg som ligger inne i kommunal tømming.

9.4 Akutt forureining

Tips frå publikum/slamtømmar om øydelagde og dårlege anlegg vil bli teke fortløpande gjennom året. Dersom for eksempel ei pumpe i ein pumpekum stoppar opp vil det raskt renne avløpsvatn over/ut av kummen og det vil bli utslag til terreng. Eller dersom spreiegrøfta for eit eldre infiltrasjonsanlegg går tett. Slike sakar blir behandla med kort frist for utbetring og vil bli prioritert høgt framfor generell opprydding i eldre avløpsanlegg.

9.5 Minireinseanlegg

Det er ca. 100 registrerte minireinseanlegg (kjemisk/biologiske reinseanlegg) i dei 5 kommunane. Måle for desse anlegga er å gjennomføre tilsyn kvart 3 år. Arbeidet vil på sikt bli meir rutinebasert når alle har fått opplæring i dei ulike anlegga, og kva ein skal kontrollere og sjå etter. Minireinseanlegg har hatt varierende reinsegrad, noko som har ført til at me har stilt krav om årleg tømming av desse anlegga. Me har ikkje fleire anlegg i Hallingdal enn at dette er eit overkommeleg mål framover.

Me har så langt gjennomført stikkprøver med minireinseanlegg, dette gir kun eit augeblikksbilde av korleis reinsegraden er. I 2024 vurderer me og gjennomføre tilsyn med 10 anlegg, der me tek ut ein serie med prøvar med jamne mellomrom, for kunne seie noko om reinsegraden gjennom året.

9.6 Kap. 13

Kap. 13 anlegg, anlegg mellom 50-2000PE, vil bli prioritert i områder med **moderat** miljøtilstand eller negativ trend for resipienten. I 2024 kom det nytt avløpsdirektiv som vil kunne endre mynde frå kommunen til Statsforvaltaren i mange større hyttefelt. Me veit enda ikkje heilt konsekvens av dette, då det ikkje er implementert i Norsk lov. Kapittel 13 anlegg med infiltrasjon i områder med tettbebyggelse over 1000PE vil ikkje bli prioritert, med mindre dei kan knytast til større fellesanlegg/kommunalt nett eller openbart har behov for utbetring. I områder med tettbebyggelse over 1000PE vil også kravet om dokumentasjon av reinseeffekt vera tiltaket. Det blir feil innføre store kostnader for enkelt eigar, dersom Statsforvaltaren kjem og tek over som mynde og pålegg ytterlegare strengare tiltak.

Me har ca. 100 kap. 13 anlegg som kommunane i dag er mynde for. Me tilsette i 2023 ein som jobbar kontinuerleg med avløpsanlegg i kap. 13. Det blir no sett fult fokus på at avløpsanlegga i kap. 13 skal gjennomføre krav som er gjeve i forskrift. For å kunne dokumentere reinsegrad på kjemisk/biologiske anlegg, er det krav om prøvetaking etter kap. 13-12. Kommunane har ikkje følgd dette opp i åra sidan forskrift kom i 2007, og det har vore vanskeleg og få dette i gang. Mange fekk varsel i 2023 om prøvetakingskrav. I 2024 sende me totalt **29** førehandsvarsla om tvangsmulkt ved manglande prøvetaking i dei 5 kommunane. I forhold til desse varsla mottok KAV -Hallingdal tilbakemelding frå mange anleggseigarar. Mange tok kontakt for å få opplæring i prøvetaking, og årsrapportering. Me ga råd gjennom telefonsamtaler, skriftlege meldingar, og noko fysisk opplæring i felt under tilsyn. Nokon har inngått prøvetakingsavtale med leverandørar, og restande tok prøver sjølv og leverte prøveresultata for 2024 innan fristen. For dersom dei som ikkje sender oss prøveresultata/rapporterer i tråd med løyve, vil kommune fatta vedtak om tvangsmulkt for manglande prøver i 2024. Mulka skal vera av ein slik storleik at det ikkje løner seg og betale mulka framfor å ta dei aktuelle prøvane.

Hovudmålet for kap. 13 anlegg i dei 5 kommunane er å sikre at anlegga får riktig og god drift. Å sikre god drift på større reinseanlegg vil føre til god reinsegrad og dermed har me redusert utslepp til resipient. Kravet for dei fleste anlegga er 6 prøvar i året, eller 12 for anlegg over 1000PE. Ved å få eigarane til å ta desse prøvane vil dei også få eit forhold til korleis anlegget skal fungere. Samt at det gir tilsynsmynde eit grunnlag for kva for anlegg som har behov for betre oppfølging.

Då me har ein tilsett som skal jobbe primært med kap. 13 anlegg, vart det frå 2024 innført årleg tilsynsgebyr også for dei store anlegga. Me laga ei liste over tilsynsgebyr for 2024, og sende den til relevant kommune for å registrera tilsynsgebyret. Alle anlegg skal få fysisk tilsyn i løpet av 5 år samt at me skal gjennomføre dokument tilsyn årleg ved kontroll og oppfølging av årsrapportering. KAV – Hallingdal gjennomførte totalt **21 fysiske tilsyn** med reinseanlegga i 2024. Etter tilsyn laga me ein tilsynsrapport/ tilsynsstatus brev og sende det til anleggseigarane. Anlegg med små avvik har fått melding for utbetring av anlegg utan at det blir gjeve vedtak om utbetring, medan dei med store feil/avvik fekk vedtak om utbetring av anlegg innan ein gitt frist. Me laga 3 vedtak i 2024 for utbetring av avløpsanlegg. Normalt blir det gjeve 2 barmarkssesongar for å søke om ny utsleppsløyve, eller utbetring av avløpsanlegg.

For å sikra/kontrollera tømmestatus på store reinseanlegg, laga me ei liste over tømmestatus for 2024 og sende til Telemarks Godslinjer (TG), som har kontrakt for tømning med kommunane.

Det vart også sendt ut førehandsvarsel om tvangsmulkt, for manglande prøvetaking av alle reinseanlegg som har dette kravet. Dette for at me såg at dialog ikkje førte til prøvetaking.

2.1 Plan- og bygningslova

Det har ikkje vore praksis tidlegare og føre fysisk tilsynet etter plan- og bygningslova. Tilsyn har basert seg på dokumenttilsyn i forbindelse med søknad om igangsetjingsløyve (IG) og søknad om ferdigattest. Me har i nokon tilfelle stilt krav i IG som burde vore kontrollert på byggeplass. Me skal i løpet av 2024 sette oss meir inn i korleis tilsyn med dette skal/kan gjennomførast. Då det ikkje har vore brukt i stor grad tidlegare, har me ikkje rutineane på plass for korleis dette kan gjennomførast.

Før anlegg får ferdigattest skal det leverast bildedokumentasjon jf. krav i byggeløyvet. Anlegg som ikkje legg ved bilde dokumentasjon i 2024, vil få varsel om tilsyn/kontroll. Dette vil bli fakturert etter medgått tid. Dersom det blir søkt om ferdigattest og me ikkje får vedlagt bildedokumentasjon på eit tidspunkt det ikkje lar seg gjennomføre tilsyn (vinterstid, snø), vil det bli gjeve mellombels bruksløyve, fram til anlegget kan kontrollerast. I dei aller fleste tilfelle har utførande dokumentert anlegget med bilder, men det blir ikkje alltid overlevert søkar.

Oppsummering:

Det har ikkje vore gjennomført tilsyn fysisk etter plan- og bygningslova i 2024. Me har som mål i 2025 og få gjennomført nokon tilsyn, då spesielt med dei større reinseanlegga. Me skal også prøve og få til fagdagar der me reiser ut og ser korleis dette arbeidet blir gjennomført. Me må da ta kontakt med nokon som bygger avløpsanlegg for og sjå i praksis korleis dette blir gjort.